

## Snippen, ein gong for lenge, lenge sidan

Ina, Sam og onkel Ola set seg inn i tidsmaskinen og snurrar på tidshjulet.

«Dei vaknar opp i Snippen i 1965. Ingen av dei forstår noko.

«I 1965 var eg berre 5 år», seier onkel Ola. Onkel Ola går mot Snippen 1 O.

Der ser han at verandadøra går opp. Så høyrer han ei barsk damestemme seie «HA-HA-HA! Der lurte du meg igjen, Ola!»

Ein liten gut i snikkarbukse piler ut på tunet. Guten blir ståande og sjå på onkel Ola. Eller rettare sagt sjå på seg sjølv om 50 år.

«Bestemor!» roper guten. «Rar mann på tunet.»

«Rar mann?» fnyser onkel Ola.

Ina og Sam ler bak han.

«Denne gongen er det tre bokstavar til løysingsordet», seier Sam.

«Bokstavane stod på genseren til vesle-Ola.»

«O-L-A. Som i onkel Ola.»



### Oppgaver:

Sjå Elevbok 4A side 157.

Gjer oppgåvene 2 og 5.